

## NOTAT

### Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - Endringar til avgrensa høyring

Ein har i prosessen med kystsoneplanen forsøkt å etablere ein god balanse mellom bruk og vern av sjøområda. Ein del av arbeidet har vore knytt til å finne det rette nivået når det gjeld graden av detaljstyring av den arealavklaringa kommunane skal gjera i neste runde. Retningslinene og plankartet er meint å styrke kommunane i arbeidet med å finne ein god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar. Planen har tatt nokre konkrete grep for å avklare balansen mellom bruk og vern, samstundes er planen fleksibel, og gir kommunane handlingsrom til å vurdere lokale tilpassingar der det er hensiktsmessig.

I løpet av høyringsperioden kom det inn 44 skriftlege merknadar, samt konkrete tilbakemeldingar i kommunevise møter etter høyringa. Merknadane vil bli oppsummert og kommentert i ein høyringsrapport først når planen blir lagt fram til vedtak. Ein del av merknadane er konkrete arealinnspele. Desse arealinnspele er vurdert individuelt i samsvar med metode nytta i plan til høyring. Planendringane er basert på skriftlege merknadar, kommentarar og innspel i kommunevise møter, prosjektgruppemøte og styringsgruppemøter.

#### Endringar i planomtalen

1. Retningslinene er samla i eige kapittel.
2. Retningslinene er revidert med følgjande:
  - a. Betre kopling mellom plankart og retningslinene.
  - b. Tydeliggjort verknad og rammer for planen
  - c. Tydeleggjering av retningslinene for arealsone landskapsområde
  - d. Sikra moglegheit for lokalt handlingsrom for ny teknologi og nye artar knytt til havbruksnæringa.
  - e. Forenkling av retningslinjer for strandsona
3. Konsekvensutgreiinga er samla i eige kapittel.
4. Metodikken nytta i planen er lagt inn i planomtalen slik at metodevedlegg i høyringsforslaget er fjerna.
5. Planomtalen er utvida med omsyn til referansar til retningslinene og oppdatert kunnskapsgrunnlag t.d. naturmangfaldslova, kystlynghei, anadrom fisk/vassdrag og vandringsruter.

#### Endring i plankartet

Omsynssonene i plankartet er erstatta med arealsoner etter Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan (KMD). Teiknereglane for regional plan er under utvikling og vert truleg revidert i løpet av 2017.

1. Akvakultur:
  - a. Oppdatering i høve til godkjente akvakulturlokalitetar per januar 2017 (kjelde: Fiskeridirektoratet) som medfører at nokre areal er teke ut, endra eller at det er lagt inn nye areal.
  - b. Areal avsett i gjeldande kommuneplanar er inkludert i plankartet. Det er gjennomført ei vurdering for å kunne avsette større samanhengande område til akvakultur. Areala er også vurdert i tråd med same metodikk som nytta i plan til høyring. Det er nokre få kommuneplanavklarte areal som ikkje er teke med i plankartet på bakgrunn av dette.

- c. Nokre av arealinnspela til høyring er teke inn i plankartet. Det er gjennomført ei vurdering av innspela i tråd med same metodikk som nytta i plan til høyring.
2. Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne.
    - a. Omsynssone for regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne er erstatta med arealsone landskapsområde.
    - b. Endring av avgrensinga slik at godkjente lokalitetar og kommuneplanføremål til akvakultur ligg utanfor arealsone landskapsområde, med unntak av Fitjarøyane.
    - c. Sone kring Fjelbergøy - Borgundøy er teke ut og erstatta med sone kring Romsøyane.
    - d. Sone kring Fyksesund er utvida til å også omfatte areal kring Norheimsund og Øystese.
  3. Omsynssone for korallar vert endra til arealsone for naturmangfald i sjø.
  4. Omsynssone for forslag til marint verneområde er teke ut av plankartet og sikra i retningslinene.

14.02.17, ekt